



Vigleik Daae  
FENSFJORDVEGEN 1387  
5986 Hosteland

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/66 - 22/514

Saksbehandlar:  
Thomas Skår  
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:  
21.01.2022

## Førehandsvarsel om pålegg om å fjerne flytande naust og førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt

**Saka gjeld:** Det er oppført eit flytane naust utanfor gbnr 6/68 som ikkje er godkjent av kommunen. Sidan det ikkje er gjeve løyve til oppføring av flytande naust, må kommunen fylgje opp saka som eit ulovleg tiltak.

**Eigar eller den ansvarleges plikter:** Plan- og bygningslova § 32-3 første ledd seier fylgjande om ulovlege tilhøve: «Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om retting av det ulovlige forhold, opphør av bruk og forbud mot fortsatt virksomhet, samt stansing av arbeid.»

**Førehandsvarsel om retting:** I henhold til plan- og bygningslova § 32-2 første ledd vert det med dette gjeve førehandsvarsel om at bygningsmyndigheita med heimel i pbl § 32-3 første ledd, vil vurdere å fatte vedtak om pålegg om fjerning av flytande naust dersom naustet ikkje er fjerna innan 01.03.2022. Kommunen må underrettast skriftleg når naust er fjerna.

**Førehandsvarsel om tvangsmulkt:** I henhold til plan- og bygningslova § 32-2 første ledd vert det med dette gjeve førehandsvarsel om at det med heimel i pbl § 32-5 vil kunne verte fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom naust ikkje er fjerna innan 01.03.2022.

**Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om retting:** Oppføring av naust i sjø er eit tiltak jf. plan- og bygningslova § 1-6 og er søknadspliktig etter § 20-1. Sidan det ikkje er gjeve løyve til naustet, må kommunen fylgje opp saka som eit ulovleg tiltak.

Flytande naust som det vert vist til i dette varselet, er naustet som vist på bilete på neste side.



**Førelegg og andre opplysningar:** Det er eigar/tiltakshavar sitt ansvar at plan- og bygningslovas krav, herunder tidlegare gjevne løyver, overhaldast.

Etter plan- og bygningslova § 32-2 andre ledd skal det ved varsel om pålegg opplysast om at eit eventuelt pålegg som ikkje vert etterkomme innan fastsatt frist, også vil kunne følgjast opp med forelegg som kan få same virkning som rettskraftig dom, jf. plan- og bygningslova §§ 32-6 og 32-7.

Det orienterast om at «Blir pålegg i rettskraftig dom eller dermed likestilt forelegg ikke etterkommet kan plan- og bygningsmyndighetene la de nødvendige arbeider utføre for regning av den som dommen eller forelegget er rettet mot», jf. § 32-7 første ledd.

Pålegg kan etter pbl § 32-3 fjerde ledd tinglysast som hefte på eigedomen dersom pålegg ikkje gjennomførast.

**Dykkar rettigheter:** De har rett til å uttale dykk før vedtak om pålegg eventuelt vert fatta. Frist for dette vert sett til 3 veker frå brevets dato, jf. plan- og bygningslova § 32-2.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Thomas Skår  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**  
Vigleik Daae

FENSFJORDVEGEN 5986  
1387

Hosteland